



ØRSTA KOMMUNE

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Landbruksdepart	
Saksnr:	2003 / 03044 - 74
Mottatt:	11 MAR 2004
Saksbeh.:	ASR/1012
Kopi:	Ark.: 482
	Avskr.:

Arkivsak: 03/02926

FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK - HØYRING

Sakhandsamar:	Svein Havåg	Arkivkode:	V70 &13	Møtedato
Utvalsak	Utval			
0013/04	LANDBRUKSNEMNDA			04.03.2004

Vedtak/handsaming i LANDBRUKSNEMNDA den 04.03.2004

VEDTAK:

Landbruksnemnda viser til Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) – høring, Landbruksdepartementet, dat. 04.12.03. Landbruksnemnda seier seg samd i dei merknadane og vurderingane som er lagt fram i saksutgreiinga.

Landbruksnemnda ser det som viktig at dei næringsmessige interessene når det gjeld skogbruksproduksjon, vert ivaretekne i den nye skogbrukslova.

HANDSAMINGA:

(6 røysteføre)

Landbruksnemnda kom med følgjande fellesframlegg til tilrådinga:

Landbruksnemnda ser det som viktig at dei næringsmessige interessene når det gjeld skogbruksproduksjon, vert ivaretekne i den nye skogbrukslova.

Tilrådinga frå skogbrukssjefen og fellesframlegget frå landbruksnemnda vart samrøystes vedteke.

Rett utskrift, 04.03.04

Åshild Steinnes

Åshild Steinnes

- sekretær -

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : **Svein Havåg**
Arkivsaksnr.: **03/02926**

Arkiv: **V70 &13**

Saka gjeld: **FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK – HØYRING**

TILRÅDING:

Landbruksnemnda viser til Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova) – høring, Landbruksdepartementet, dat. 04.12.03. Landbruksnemnda seier seg samd i dei merknadane og vurderingane som er lagt fram i saksutgreiinga

Utskrift til:

Det kongelige landbruksdepartementet, 8007 Dep, 0030 Oslo

Vedlegg:

1. Forslag til ny lov om skogbruk - høring, datert 04.12.03
2. Utdrag av forslag til ny Lov om skogbruk

Saksopplysningar:

Landbruksdepartementet foreslo i St.mld. nr 17 (1998 – 1999) å starte arbeidet med ei ny lov om skogbruk. Bakgrunnen var internasjonale og nasjonale trekk i utviklinga, og dei skogpolitiske utfordringane som Noreg møter. Departementet la til grunn at dei endringane som over tid er gjennomførde i gjeldande lov av 1965, ikkje dekkjer behovet i dag for ei meir fullstendig modernisering av føresegnene. På einskilde områder er lova i dag lite dekkjande og funksjonell i forhold til dei skogpolitiske utfordringane som skal løysast i framtida.

Forslaget om å utarbeide ei ny lov fekk tilslutning av fleirtalet i næringskomitéen under Stortinget si handsaming av Skogmeldinga våren 1999. Komitéen uttalte følgjande i Innst.S. Nr. 208 (1998 – 1999), side 19 – 20:

”Komitéen har merket seg at Regjeringen legger opp til å starte arbeidet med en ny skogbrukslov, med klare bestemmelser om et bærekraftig skogbruk og en langsiktig ressursforvaltning. Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krever et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogbrukers forvalteransvar. Den nye skogbruksloven må også videreføre en skogadministrasjon på kommune- og fylkesnivå med en organisasjon og kompetanse som gjør det mulig å følge opp regelverket og de skogpolitiske mål på en god måte regionalt og lokalt”

Vurdering og konklusjon:

§ 1 Formålet med lova.

I høve til lova sin tittel: ”Lov om skogbruk”, er formålsparagrafen svært vag. Den seier ikkje noko konkret om skogbruksnæringa, berre om dei faktorane som skal takast omsyn til ved uttak av skogen. Den gamle lova hadde òg med desse faktorane, men når næringsdelen i formålsparagrafen vert teken bort, vert miljø/friluft ein dominerande del i paragraf 1. Ut frå eit skogbruksfagleg syn, og skog som ressurs for arbeid og næring, er dette svært uheldig.

Ei slik formulering av formålsparagrafen vil utan tvil svekke næringsinteressene i skogbruket, og kan føre til ei lovtolking der skogeigaren må påvise at alle andre interesser / verdiar er ivaretekne før skogen kan nyttast som ein økonomisk ressurs for det einskilde bruk.

Ein bør i det minste ta inn att i formålet at lova skal fremje skogproduksjon, og at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel skal gi eit tilfredsstillande resultat for næringa sine utøvarar, og sikre effektiv og jamn råstofftilførsel til industrien.

§ 3.

Begrepet skogoppsyn er teke bort frå lovteksta. Ein får framleis ei tredeling av skogbruksstyresmakta; Departement – fylke – kommune, men med meir mynde lagt til kommunene enn det er i dag.

Dei fleste lovsakene vert delegert til kommunene for avgjerd og dette vil medføre større ansvar og arbeidsmengde i saksførebuing. Det vil dermed også føre til store krav til fagleg kompetanse for sakshandsamarane i kommunene. Altså vil auka lokal handlefridom føra til skjerpa krav til det kommunale fagapparatet. Det kan derfor verke litt rart at departementet no har fjerna kravet til skogbruk- og jordbruksfagleg kompetanse. Det hjelper heller ikkje så mykje å poengtere at ein eigentleg ikkje meinte det slik, og at det ikkje må få praktiske konsekvensar. Det skal ikkje verte så enkelt for kommunar med dårleg råd å prioritere høgare skogbruksfagleg kompetanse.

§ 4.

Den nye lova legg større ansvar og fridom på skogeigaren. Dette kan føre til at skogeigaren må setje seg betre inn i kva det vil seie å eige skog, og kva krav det vert sett til drifta av skogen innanfor lovverket, alstå ei bevisstgjerding på dei oppgåvene som følgjer med det å vere skogeigar. Dette kan høyrast vakkert ut. Men dei fleste skogeigedomane er små, og den årlege inntekta frå skogen er for dei fleste berre ein liten del av den totale økonomien. Ein kan derfor frykte at alle desse krava kan skræme skogeigaren frå å gjere noko i det heile.

På den andre sida seier § 4 at miljøansvaret kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Dette kan sjåast på som eit skjult fredingsvedtak med heimel i skoglova, der det offentlege kan verne / frede skogområde utan å måtte gi kompensasjon.

Ut frå dette bør lovteksta fjernast, eventuelt skrivast om. Poenget må vera at dersom det offentlege ønskjer å verne område til beste for ålmenta / miljøverdiar, så skal det økonomiske tapet som eigaren har kompensert. Dette gjeld der skogbruk med økonomisk vinst ikkje kan gjennomførast, grunna miljø- / ålmenne omsyn.

§ 6.

Her handlar det om skogeigaren si plikt til å syte for tilfredsstillande forynging etter hogst. Skogfagleg sett er det sjølv sagt ønskjeleg at eit hogstareal vert foryngt snarast råd er. Det kan likevel verke noko strengt å fastsetje 3 og 2 år som grense. Ei anna og viktig sak er kapasiteten til skogtenestemennene i den enkelte kommune. Ein kan ikkje setje opp reglar som ein ikkje har sjanse til å følgje opp.

Etter mi vurdering er det noko som manglar i denne paragrafen, og det er stell av ungsog. Det er greitt at det er strenge krav til forynging, men det har vist seg at dersom ein ikkje følgjer opp ungsog, kan ei tilfredsstillande forynging dei første 3 til 5 åra vere nær bortkasta. Departementet legg opp til nærare forskrifter om forynging og stell av skog, men det er viktig at det er nemnt også i lovteksta.


Det er elles med ein noko rar følelse ein registrere ”krokodilletårene” i samband med at departementet har registrert at ”innsatsen i skogkultur syner ei negativ og ottefull utvikling”, og i same slengen viser til at ”Stortinget i statsbudsjettet for 2003 heilt kutta ut det statlege tilskotet”. Etter det ein kan hugse var dette eit forslag frå departementet!!

Kommunen har ingen merknad til dei andre paragrafane.

Den overføringa av mynde ned til kommunalt nivå som denne omlegginga medfører, vil utan tvil krevje ressursar og kompetanse på lokalnivået. For å få dette til å fungere må det saman

med delegeringa kome statlege overføringar. Dette bør kome i statens rammeoverføringar til kommunene. Dersom ikkje ressursane og kompetansen vert halden på eit tilfredsstillande nivå hos dei som skal handheve lov og forskrifter, stå ein i fare for å misse høve til å gripe inn og styringa med lovverket.


Olav Klokk
landbrukssjef


Svein Havåg
skogbrukssjef